

NAMN:
KLASSE:LÅG MIDDELS HØG

Når skal ein bruke parentes? Sjå på reglane og skriv døme!



Tilleggsinformasjon

Du kan bruke rund parentes til å gje tilleggsmasjon i teksten.

Døme:

Det var tre jenter (Liv, Linda og Lene) som sa seg villige til å servere skolefrukt i veke 12.

Johann Sebastian Bach (1685–1750) var ein tysk barokkomponist.

Det kan lønne seg å ha mykje ram (minne) i ei datamaskin.

Liten eller stor forbokstav?

Du skal innleie ein parentes med liten forbokstav dersom det ikkje står eit stort skiljeteikn (punktum, spørjeteikn og ropeteikn) rett framfor. Det skal òg vere liten forbokstav i det første ordet, sjølv om parentesen er ei heilsetning.

Døme:

Linda tok seg eit eple. (Ho meiner det er bra å ete fem om dagen.)

Skolefag.com (som har hovudkontoret sitt på Sula) gir undervisning i norsk, samfunnsfag og musikk.

Skolefag (det er ein nettskole for norske barn i utlandet) vart starta i 2014.

Hakeparentes

Ein hakeparentes med tre punktum markerer at noko ikkje er teke med i eit sitat. [...]

Døme:

Den eldgamle krokfurua står og huker seg innpå høgdene på Soppdalsfjellet. [...] Treet er eldre enn mose på stein og stubbe i skog. (Mikkjel Fønhus: Romaner og fortellinger i utvalg, 1987 s. 7.).